



## Notat

Dato: 07.07.2014  
Arkivsak: 2014/14882-3  
Saksbehandlar: nilgrud

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Spørsmål om oppgradering av Fv 314 Bergsdalen - Svar på oversendingsforslag

På møte i samferdselsutvalet 19.03.2014 sette representanten Arild Borgen (FI Sv/R) fram slikt oversendingsforslag:

«Ber om at fylkesrådmannen vurderer kva utfordringar som trengst for å oppgradere vegen til Bergsdalen.»

Samferdselsavdelinga sendte i brev av 04.04.14 oversendingsforslaget frå Arild Borgen over til Statens vegvesen for vidare handsaming. Det ligg no føre svar frå Statens vegvesen i brev av 26.06.14 (sjå vedlegg).

Fylkesrådmannen viser til svaret frå Statens vegvesen og har elles ikkje nokon merknader.